
Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: tirsdag 27. august 2019 15:37
Til: 'Trond Atle Nesse'
Emne: SV: Søknad om utsleppsløyve - gbnr 10/25 Rødland

Hei.

Vi viser til e-post av 26.08.19.

I skriv av 02.04.2019 står det under utsleppsløyve og pkt. om nabovarsling:

Søknad om plassering av anlegg og søknad om utvida utsleppsløyve skal nabovarslast. Når det gjeld søknad om utsleppsløyve er det naboar og andre som kan bli berørt av utsleppet som må varslast. Merk at det kan vera krav til varsling av fleire enn ved ein byggesak, då dei som ligg langs ein leidningstrase og kring utsleppsstaden også skal varslast. Dette vert ein vurdering i den enkelte sak etter at leidningstrase og konkret utsleppstad er vist på situasjonskart. Dersom erklæring/skriftleg avtale om etablering av utsleppsleidning på annen manns grunn med alle aktuelle grunneigarar ligg føre, er det ikkje naudsynt å nabovarsle desse i tillegg. Vi gjer merksam på at nabofristen for utsleppssøknader er 4 veker. Nabovarslings skjema (blankett nr 5154, 5155 og 5156) finn du på www.dibk.no under fana for skjema og blankettar.

Statens Vegvesen har hatt utvida sakshandsamingstid i summar. Om dei skal kontaktast, må dere sjølv vurdere.

Med helsing

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 01
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Fra: Trond Atle Nesse [<mailto:ta@jk-arkitektur.no>]
Sendt: mandag 26. august 2019 13:45
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Emne: VS: Søknad om utsleppsløyve - gbnr 10/25 Rødland

Hei,

Hjelmås VVS bistår oss med søknad om utsleppsløyve. I den forbindelse har vi oversendt naboliste vi benyttet ved søknad om rammeløyve. Er det greit å nabovarsle til de samme eller vil det være flere som skal nabovarsles ved denne type søknad?

Nå mangler vel vi også endelig tilbakemelding fra Statens Vegvesen om både pkt. 2 og 3 på side 2 i vedtaket i plan og miljøutvalet:

2. Vedtak om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 394 frå Statens Vegvesen.
3. Avkøyringsløyve til fylkesveg 394 frå Statens Vegvesen.

Bør vi purre statens vegvesen for dette? Mener de skulle ut på befarings før endelig vedtak. Hva tenker du?

Mvh.

Trond Atle Næsse

jk.arkitektur as

Torgbakken 7, PB 125

5401 STORD

Tlf.: 53 41 18 78

Mob.: 93 49 74 71

e-mail: jk@jk-arkitektur.no

Fra: Marina Haga <mh@jk-arkitektur.no>

Sendt: tirsdag 30. juli 2019 14:48

Til: Trond Atle Nesse <ta@jk-arkitektur.no>

Emne: Fwd: Søknad om utsleppsløyve - gbnr 10/25 Rødland

Skaff deg [Outlook for Android](#)

From: Tone Margrethe Bærlund Furustøl <tone.furustol@lindas.kommune.no>

Sent: Tuesday, July 30, 2019 1:23:11 PM

To: Marina Haga <mh@jk-arkitektur.no>

Subject: Søknad om utsleppsløyve - gbnr 10/25 Rødland

Hei.

Vi minner om skriv frå kommune datert 28.05.2019, med frist innan 28.06.2019 for tilleggskommunikasjon for søknad om utsleppsløyve, sjå vedlegg

Kommunen ber om at tilleggskommunikasjon vert sendt inn **samlar innan 15.08.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden .

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 01

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



